

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Tinghuset, Voss
Dato: 02.12.2016
Tidspunkt: 10:00 – 14:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Kristoffer Ullern Hansen frå SNO legg fram rapport frå arbeid i verneområda i 2016.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 26/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 27/16	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 28/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - uttak av stein frå Styvi til bruk i Dyrdal		2016/4010
ST 29/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - gjenoppbygging av bakkemur på Salthella		2016/992
ST 30/16	Prosjektplan for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet		2013/3025
ST 31/16	Nærøyfjorden verneområdestyre - Tiltaksplan og bestilling av tenester av SNO i 2017		2016/4042
ST 32/16	Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret i 2017		2014/45
DS 13/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til motorisert transport til Hjølmo		2016/3526
DS 14/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til materialtransport til Hjølmo i samband med vedlikehaldsarbeid		2016/3164
RS 13/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - uttale til plan for uttak av stein på Styvi i samband med elveforbygging		2014/831
RS 14/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - delegering av myndighet etter naturmangfoldsloven § 69, 70, 71 og 73		2016/4052
RS 15/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - prosjekt sti og vandring - referat frå møte 31.08.16		2016/3358
RS 16/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - småbåthamn ved Krossanes - referat frå møte med verneområdeforvaltar 06.09.2016		2016/3424
RS 17/16	Møteprotokoll frå Verdsarvrådet sitt møte i Valldal		2013/3387

Orientering

Orientering v/Kristoffer Ullern Hansen om lovverk for bruk av droner.
Orientering frå nasjonalparkkonferansen 8. – 9. november i Trondheim.

ST 26/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 27/16 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

Arkivsaksnr: 2016/4010-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 21.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområde	28/16	02.12.2016

Nærøyfjorden landskapsvernområde - uttak av stein frå Styvi til bruk i Dyrdal

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområde styre gjev avslag på søknaden frå Aurland kommune om uttak av stein frå Styvi til bruk i elveforbygging i Dyrdal. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Aurland kommune om bruk av stein frå landskapet på Styvi, 09.11.2016

Søknaden vert vurdert etter:

- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 2007

Aurland kommune søker om å få ta ut 400 m³ med stein frå ei rasur på Styvi der det er gjeve løyve til å ta ut stein til bruk til elveforbygging i Styviselva. Steinen frå Styvi er planlagt brukt i elveforbygginga i Dyrdal. Elveforbygginga i Dyrdal ligg utanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, men er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.

Aurland kommune grunngjev søknaden med at det ikkje er nok tilgjengeleg eigna massar til plastring av Dyrdalselva. Kommunen meiner fordelane er store ved å nytte massar frå Styvi til elveforbygging i Dyrdal. Dette vert grunngjeve med at det er vesentleg rimelegare å finne stein på Styvi enn alternativ massetransport. Kommunen

opplyser at det finst alternative løysingar ved å henta stein andre stadar ifrå og transportera steinen til Gudvangen og vidare med båt til Dyrdal. Kommunen peikar på at stein som ikkje er stadeigen vil vera ei mindre landskapstilpassa løysing. Kommunen meiner det å nytta lokal stein frå Styvi bør vektleggjast meir enn at steinen vert henta innan for eller utanfor verneområdegrensa.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med ein mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta. Nærøyfjorden landskapsvernområde § 2 er *«..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter»* jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna om mot inngrep som *«...masseuttak, ...lausbryting og fjerning av stein og mineral...»* jf. § 3, pkt. 1.1 a). Forvaltninga må vurdera om det er heimel for å vurdera tiltaket etter naturmangfaldlova § 48 som seier at forvaltningsmynde *«kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i nml. §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Verneområdeforvaltninga må vurdera om det er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gje dispensasjon til tiltaket. Forvaltar meiner tiltaket kan vurderast etter fyrste alternativ, fyrste ledd som seier at det kan gjerast unntak frå vernevedtaket dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje er til nemneverdig skade på verneverdiane. Begge vilkåra må vera oppfylt for at saka kan vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Dispensasjonsregelen skal ikkje brukast for å utvida ramma som er trekt opp i vernevedtaket, men nyttast til tiltak som ein ikkje kunne forut sjå på vernetidspunktet, eller i spesielle/særskilte høve.

Nærøyfjorden landskapsvernområde er verna mot alle inngrep som kan endra på landskapets art og karakter. Nærøyfjordområdet er eit isbreutforma landskap. Landskapet er forma av geologiske prosessar, med elvevifter og rasurer. Geologiske prosessar som snø- og steinras er framleis aktive, og gjev eit landskap i stadig endring. Styvi er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap. I arbeidet med skjøtselsplan for Styvi – Holmo er ulike kulturmarkstypar registrert, og vegetasjonen er kartlagt på store deler av området. Denne kartlegginga var gjennomført i 1994. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller raudliste-naturtypar på Styvi. Kunnskapen om området er vurdert til å vera bra jf. nml. § 8.

Nærøyfjorden verneområdestyre gav løyve til uttak av stein på Styvi til elveforbygginga i Styviselva og nytt brukar ved Styviselva (sak 13/14, 24.03.2014). Uttaket er avgrensa til desse to tiltaka. I planen for forbygging av Styviselva er det rekna med at det er bruk for omlag 500 m³ stor stein. Det er vanskeleg å vurdera på førehand kor store mengder

eigna stein som er i ura. Under synfaringa før saka vart lagt fram for verneområdestyret, vart det stilt spørsmål om det var nok stein i ura til det som var naudsynt til elveforbygging i Styviselva. I saka om uttak av stein til elveforbygginga i Styviselva, var det ikkje kjent kor store mengder stein som er tilgjengeleg i rasura som ligg nær Styvi. Aurland kommune har laga planskisse med profilteikning (Siv.ark.Jarle Sandvik 18.07.2016) som viser terrengprofil av uttaksområdet. Det er lagt føringar på at inngrepet skal vera minst mogleg og tilpassast til omkring liggjande landskap etter avslutta arbeid med Styviselva. Ytterlegare uttak av 400 m³ stein vil føra til eit større inngrep enn det som er gjeve løyve til for Styviselva, og vil føra til større inngrep i landskapet. I planskissa for auka uttak med 400 m³ er den same profilteikninga lagt til grunn som ved uttak til Styviselva. Førre-var-prinsippet jf. naturmangfaldlova § 9 er vektlagt i denne saka, då eit større uttak av stein kan få negativ påverknad på landskapet.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga tiltaket vil ha på økosystemet jf. § 10 i naturmangfaldlova. Det er planlagde uttaket av stein til Styviselva vil kunne føra til mindre endringar på landskapet. Auka uttak med stein til Dyrdalselva vil føra til eit større inngrep i landskapet enn det som er naudsynt for å finne stein til Styviselva. Det vil i tillegg vera sannsynleg at det kan koma fleire søknader om uttak av stein i dette verneområdet. Denne saka vil difor kunne skapa presedens for liknande saker. Den samla belastninga på verneverdien av mange små inngrep vil i sum kunne påverka landskapet og vera i strid med verneføremålet om å ta vare på eit eigenarta natur og kulturlandskap frå fjord til fjell.

Kommunen opplyser at det finst alternative løysingar til å finne stein til elveforbygginga i Dyrdalselva. Denne løysinga vil vera dyrare, men mogleg å gjennomføra ved å transportera stein med båt frå område utanfor verneområdet. Dersom det finst alternative løysingar utanfor verneområdet, bør desse veljast jf. nml §12. Ved å velja stein frå steinbrot utanfor verneområdet vil ein avgrensa påverknaden på naturverdiane i verneområdet.

Konklusjon

Ut frå ei samla vurdering av verknadane eit auka uttak av stein frå Styvi kan få, vurderer forvaltar at tiltaket vil vera i strid med verneføremålet. Samla sett kan tiltaket få negative konsekvensar for verneverdiane. På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12 og § 48 innstiller forvaltar på avslag på søknaden frå Aurland kommune om å henta stein frå Styvi til elveforbygging i Dyrdalselva. Avslaget er grunngjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1 a) og naturmangfaldlova § 48.

Arkivsaksnr: 2016/992-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 23.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdeestyre	29/16	02.12.2016

Nærøyfjorden landskapsvernområde - gjenoppbygging av bakkemur på Salthella

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdeestyre gjev Arild Dyrdal løyve til å gjenoppbygga bakkemuren på Salthella på gnr. 67, bnr. 2. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 c).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Muren skal fylgja terrenget langs jordbruksarealet, og ha ein naturleg avslutting i kvar ende av jordbruksarealet. Muren skal ikkje vera høgare enn bakken bakanfor er i dag. Fundament for muren kan gravast ned i grunnen for å få godt feste for muren. Lengda på muren skal tilsvarende lengda på den gamle muren. Ut frå foto og kart viser dette mellom 30 og 35 meter.
- Bakkemuren skal murast etter tradisjonell byggeskikk for bakkemurar i området.
- Mindre mengder stein til muren kan plukkast i området rundt. Plukking av steinar skal ikkje føra til vesentleg endring av landskapet.
- Bak muren kan det fyllast opp med stein, grus og jord for å få bakken på høgde med muren, og slik at den vert tilpassa landskapet som er der i dag.
- Det hentast inntil 10 skuffer med grus som er vaska ut frå strandsona opp att frå sjøen for å nyttast som fyll bakom muren. Det kan brukast gravemaskin til dette arbeidet. Uttaket må utførast på ein måte som tek best mogleg vare på den naturlege sjøbotnen i strandsona.
- Det kan nyttast gravemaskin til fundamentet til muren, og fylla masse bak muren.
- Torv og jord skal leggjast til side medan gravearbeid pågår, og leggjast tilbake etter grave- og murarbeidet er slutført.
- Forvaltar skal vera med på synfaring på arbeidet før arbeidet er slutført.
- Løyvet gjeld i 3 år frå vedtaksdato, Det skal sendast rapport med bilde frå tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Det må avklarast med Aurland kommune om tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Tiltaksmidlar til bakkemuren

Nærøyfjorden verneområdestyret fører tiltaket med bakkemuren opp på lista over tiltak som kan vera aktuelle for tiltaksmidlar i 2016/2017 til gjenoppbygging av bakkemuren.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:


- Søknad frå Arild Dyrdal om istandsetting av bakkemur på Salthella, datert 22.11.2016

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008
- Skjøtselsplan for Dyrdal

Strandsona på Salthella er utsett for erosjon av bølger. Bakkemuren og strandlinje har endra seg over fleire år, og bakkemuren har rast saman. Arild Dyrdal søker om å få bygge opp att bakkemuren og tilrettelegge for fleire teltplassar på arealet som vert opparbeid i samband med muren. Han søker om å få grave ei grøft på 120 meter lengde der åkermuren stod, og 80 cm djupn på grøfta for å stabilisera fundamentet for å mure opp ny mur til rett høgde. Han meiner steinane er tapt på grunn av erosjon, og at steinen må hentast frå nærområdet eller fraktast til området. Han søker vidare om å fylle inn til muren på baksida med masse frå området, og på toppen vil han etablere eit platå med slåttemark/eng som kan vera eigna til telting.

Dyrdal søker i tillegg om å få henta sand som er vaska ut med erosjon tilbake til muren. I søknaden skriv han det er snakk om 200 m³ masse. Han vil bruka gravemaskin til å utføra arbeidet med muren og tilbakeføring av sand.



Utklipp frå fylkesatlas. Markert område med bakkemur



Bakkemur framfor jordbruksareal. Foto Anbjørg Normes

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c). Bakkemuren er vurdert til å vera eit anlegg, og kan ikkje vurderast desse reglane.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Bakkemurar er eit av mange kulturminne i jordbruket sitt kulturlandskap. Å ta vare på kulturlandskap med kulturminne er ein del av verneføremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Bakkemurane langs fjorden er med å pregar landskapet sin karakter. På Salthella er fleire av bakkemurane rast saman, og fleire treng vedlikehald for ikkje å rasa ut. Det er god kunnskap om kulturlandskapet i Dyrdal og områda rundt gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet og skjøtselsplan for Dyrdal. Området har vore jordbruksareal/beite, men vert ikkje brukt som beite i dag. Muren ved strandlinja på Salthella er ikkje dokumentert med bilde frå då muren var der, men bilde viser ei rad med steinar i framkant av jordbruksarealet som tydeleg viser at det har vore steinmur her. På kart og bilde utgjer området med gamal steinsetting ei lengd på omlag 35 meter (sjå kart over). Det er ikkje kjente trua naturtypar eller artar i området på Salthella (Naturbase 24.11.2016). Kunnskapsgrunnlaget (jf. nml. § 8) er vurdert som god i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje tillagt vekt i saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Gjennoppføring av bakkemuren som har vore på Salthella vil vera med å tilbakeføra noko av kulturlandskapet. Det vil i tillegg stoppe vidare utrasing av bakken. Området er mykje brukt til telting av både organiserte grupper og personar på individuelle turar. Grunneigar får betalt av tiltaksmidlar for skjøtsel av området, og det er sett opp utedo på Salthella for allmenn bruk. Det er difor av stor verdi både for grunneigar og friluftslivet å stoppe vidare utrasing av bakken som vert nytta til teltområde. Forvaltar vurderer tiltaket som positivt for verneområdet, og meiner at tiltaket ikkje vil føra til auka belastning på økosystemet.

Muren på Salthella må ha eit godt fundament med stor stein for å avgrensa påverknad av bølgeerosjon. Gjennom målingar utført av SNO siste åra, og bildedokumentasjon, er det dokumentert stor erosjon på strandlinja på Salthella. For å få godt fundament til muren, vil det vera trong for å grave ei grøft på inntil 80 cm djupn som skal vera foten på muren. Det vil vera bruk for gravemaskin for å få utført dette arbeidet. Muren over fundamentet kan murast på tradisjonell måte. Forvaltar vurderer denne arbeidsmetoden som miljøforsvarleg til dette føremålet (jf. nml. § 12). Med gravemaskina kan noko av grusen som er vaska ut frå strandsona hentast opp att frå sjøen for å nyttast til å fylle bakom muren.

Tiltakshavar må dekke kostnadane med å hindra skade på naturmangfaldet i samband med tiltaket jf. nml. § 11.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til gjennoppbygging av bakkemuren på Salthella.

Tilbakeføring av sand frå marbakken til strandsona

Søknad om tilbakeføring av 200 m³ sand frå sjøen til strandsona vert ikkje handsama i denne saka. Nærøyfjorden landskapsvernområdet omfattar ikkje areal under sjøoverflata. Det må gjerast ei grundig vurdering om dette tiltaket er naudsynt, og om tiltaket kan vera til skade på naturmangfaldet. Tiltak under vatn må vurderast av kommunen, og plassering av massar på land skal behandlast av verneområdestyret.

Arkivsaksnr: 2013/3025-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 21.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdeestyre	30/16	02.12.2016

Prosjektplan for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdeestyre vedtek oppstart av arbeid med besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet, og legg Prosjektplan for besøksstrategi for verneområda i Nærøyfjordområdet datert 02.12.2016 til grunn for arbeidet.

Nærøyfjorden verneområdeestyre er styringsgruppe for prosjektplanen og besøksstrategien.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder, Miljødirektoratet M-415/2015
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, Rapport nr. 1 – 2008

Klima- og miljødepartementet har sett som krav at alle verneområde i Norge skal ha utarbeid besøksstrategi for område innan 2020. Miljødirektoratet har utarbeid ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde. I rettleiaren er det sagt korleis forvaltningsmyndigheita skal bruka besøksforvaltning som verktøy i ein strategisk og god forvaltning av verneområda for at opplevinga for dei besøkjande og den lokale verdiskapinga skal verta størst mogleg, samtidig som forståinga for vernet aukar og verneverdiane vert ivaretatt.

I fylgje vedtektene til verneområdeestyret, skal styret utarbeida besøksstrategi for verneområda som del av forvaltningsplanen, eller som vedlegg til forvaltningsplanen.

I fylgje rettleiaren om besøksforvaltning, skal verneområdestyret gjera vedtak om oppstart av arbeid med besøksstrategi og utarbeida ein prosjektplan i startfasen av arbeidet.

Vurdering

Forvaltningsplanen for Nærøyfjorden er eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med besøksstrategien. I planprosessen er det diskutert utfordringar og framlegg til tiltak som vil vera viktig å ta med i vidare vurdering i besøksforvaltninga. Det har skjedd ein del endringar i bruken av området, både når det gjeld næringsaktivitet og besøkstal, sidan planen vart godkjend i 2008. Nærøyfjorden landskapsvernområde med Nærøyfjorden er eit området med stor næringsaktivitet og mange besøkjande, og er det området med størst press på natur- og kulturverdiane. Forvaltar meiner det er viktig å koma i gang med prosessen med besøksstrategi for heile Nærøyfjordområdet, men sjå på moglegheiter og utfordringar i Nærøyfjorden som fyrste del av strategien.

For å få ein god besøksforvaltning, må verneområda sjåast i samanheng med områda rundt verneområda. Det er difor viktig med godt samarbeid med forvaltningsmyndigheitene utanfor verneområda. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har starta opp arbeidet med ein besøksforvaltningsplan som ein samfunnsplan i kommunane med areal i verdsarvområdet med innfallsportar. Prosessen med besøksstrategi bør ha tett samarbeid med dette prosjektet for å få ein god og heilskapleg besøksforvaltning for både verneområde og verdsarvområdet. Med godt samarbeid vil me få godt utbytte av at desse to prosjekta går samtidig. Det er innhenta mykje god kunnskap gjennom gjesteundersøking, verdiskaping frå ulike typar reiseliv på stadnivå, ressurskartlegging i bygdamøte, landskapsanalyse og samhandling med lokal og regional forvaltning.

Verneområdestyret har starta opp arbeidet med sårbarheitsanalyse i 2016, og har samla inn kunnskap om erosjon langs strendene i Nærøyfjorden og Stokko i Aurlandsfjorden. Utkast til prosjektplan som ligg som vedlegg til saka, set mål for arbeidet med besøksstrategien, framdriftsplan, tiltaksplan og budsjett for arbeidet.

Arkivsaksnr: 2016/4042-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 21.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	31/16	02.12.2016

Nærøyfjorden verneområdestyre - Tiltaksplan og bestilling av tenester av SNO i 2017

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram til drøfting.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for verneområdestyrer. Innmelding og behov for tiltaksmidlar og bestilling av tenester av SNO – 2017. Miljødirektoratet 09.11.2016
- Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2015-2020
- Opplegg for gjennomføring av bestillingsmøtene
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 2008
- Rapport frå SNO om utført arbeid i 2016

Verneområdestyre skal utarbeida fleirårige tiltaksplanar. Det overordna målet for forvaltning av verneområde er at verneformålet og verneverdiane skal ivaretakast. Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidlar; «Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal samen med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiane ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosystema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Det skal vera årleg evaluering av tiltaksplan. Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Stølsheimen og tilhøyrande skjøtselsplanar. Fagleg rådgjevande utval (FRU) for Stølsheimen, administrativt kontaktutval og SNO skal vera med i

utarbeidinga av tiltaksplanen. Tiltaka i planen er lagt fram med bakgrunn skjøtelsplanar, forvaltningsplan for Nærøyfjorden, evaluering av gjennomførte tiltak i føregående styreperiode 2012 og 2016, og vurderinga av pågåande tiltak og nye tiltak.

Tiltaksplanen er grunnlaget for bestillingsdialogen med SNO, og innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2017 til Miljødirektoratet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, jf. budsjettpost 1420.31, og kan gå til tiltak som er naudsynte for å ivareta verneføremålet. Tiltaka kan vera informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og kjøp av naudsynt utstyr for å gjennomføra tiltaka. Forvaltningsstyresmakta skal sjølv disponera og prioritera kven som skal gjennomføra tiltaka. SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2017.

Vurdering

Forvaltar legg fram forslag til tiltaksplan for 2016 - 2020 på bakgrunn av tiltaksplan føregående år. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringssmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2016, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspel og prioriterer tiltaka.

Miljødirektoratet har gjeve føringar for arbeid i 2017. For aktiviteten i verneområde i Nærøyfjorden vil fylgjande føringar vera aktuelle kommande år:

Besøksstrategi

Alle verneområde skal ha levert ein besøksstrategi innan 2020. Arbeidet må difor koma i gang snarast mogleg. Forvaltar legg fram sak for Nærøyfjorden verneområdestyre i møte 2. desember 2016 med godkjenning av prosjektplan for besøksstrategi. Det må vurderast behov for kartlegging av naturverdiar og kartlegging av besøk og reiseliv. Dette er lagt inn i prosjektplanen.

Merkevare

Alle tiltak som skal iverksetjast skal vera i samsvar med den nye merkevarestrategien.

Kartlegging og overvåking

Verneverdiane skal liggja til grunn i kvar besøksstrategi. Det er difor viktig at det vert henta inn informasjon om naturverdiane som fyrste del i besøksstrategien.

Strategi for bruk av tiltaksmidlar gjev føringar for prioritering av bruk av tiltaksmidlar i verneområda. «*Det overordna målet er at tiltaksmidlane skal brukast slik at naturtilstanden i verneområdene bedres*». For Nærøyfjorden er det særleg skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak som er aktuelle. Pågåande skjøtelsprosjekt har prioritet 1, og tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2.

For besøksforvaltningstiltak har ferdigstilling av prosjekt som er starta opp og som er naudsynte for å ivareta verneføremålet prioritet 1. Tiltak som er lagt inn i besøksstrategien i forvaltningsplanar har prioritet 2.

Trong for midlar til vedlikehald av informasjonsmateriell, skilting m.m. kan meldast inn i tillegg. All informasjon om verneområda som vert finansiert med tiltaksmidlar skal vera i tråd med ny merkevare for verneområde. For alle tiltaka skal det leggast vekt på; kostnadseffektivitet, samfinansiering med andre aktørar, prosjekt som involvera/drivast med dugnadsinnsats av grunneigarar, frivillige lag og foreiningar.

Ut frå erfaringar med tiltak i verneområda er det gjeve føringar på at større tiltak skal ha planavklaringar før tiltaka vert meldt inn. Det kan tildelast tiltaksmidlar til forprosjektering. Det kan brukast tiltaksmidlar på tiltak utanfor verneområde der tiltak både innafør og utafør verneområde er viktig for å ta vare på verneverdiane.

På bakgrunn av forvaltningsplan, tiltaksplan for 2017-2020 og skjøtelsplanar i verneområde i Nærøyfjorden, og føringar i strategi for bruk av tiltaksmidlar, legg forvaltar fram fylgjande innspel til tiltaksplan og behov for tiltaksmidlar for 2017, og bestilling av SNO-personell i 2017:

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidlar	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2017	Periode	Prioritet
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigar	215 000	2017-2020	
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigar	90 000	2017-2020	
Skjøtsel og vedlikehald av stiar og kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplanar i Dyrdal, Bakka, Náli, Fresvik, Stokko, Nedbergo, postvegen	Grunneigarar, SNO	135 000	2017-2020	
Restaurering av stiar, murar på postvegen, bakkemur på Sogane	Grunneigarar, SNO	100 000	2017-2020	
Steinmur og torvtak på Skogastova, ferdigstilling	Grunneigar, SNO	10 000	2017	
Besøksstrategi, informasjonstiltak i verneområda. Merking av stiar, rasteplassar	SNO, Verdsarvparken	60 000	2015-2016	
Sum		645 000		

Bestilling personalressurs SNO 2017	Prioritet
Oppfølging dispensasjonssaker jf. styrevedtak	
Tilsyn, vedlikehald av postvegen Styvi – Bleiklindi, skjøtelsplan	
Registrering av hekkefuglbestand, Grånosmyrane naturreservat	
Oppfølging tenestekjøpsavtalar jf. skjøtelsplanar. Tiltak på Skogane. Tiltak på gamlevegen i Dyrdal	
Kartlegging forynging av gran, Nordheimsdalen naturreservat	
Overvåking av mispel i Flåm, og andre svartelista planteartar (Undredal)	
Overvåke erosjon langs strendene i Nærøyfjorden (Dyrdal til Bakka) og frå Stokko til Undredal.	
Tilsyn med rasteplassar langs fjorden, tiltak for utbetring	
Rydding av skog rundt Bleiklindi og Holmahaugen	
Skjøtsel av innmarka på Frønningen i Bleia naturreservat	
Fartsmåling i Nærøyfjorden	
Oppfølging stiprosjekt frå Brekke til Råken. Steinlegging av stien i 2017	
Registrering av kulturminne ved smelting av isbreane	
Tilsyn med status for verneskilt	
Registrera Urvamue i Bleia naturreservat	
Delta på styremøte/FRU-møte	

Delta på innsamling av data om naturtilstand i samband med besøksstrategi	
---	--

Arkivsaksnr: 2014/45-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 21.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	32/16	02.12.2016

Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret i 2017

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyr skal møte jamleg i 2017 for å arbeide vidare med forvaltningstiltak, besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

Feb./Mars:	Styremøte
Mai:	Styremøte/dialogmøte med FRU
Juni:	Styremøte med synfaring/overnatting
Sept:	Styremøte
Okt:	Styremøte/dialogmøte med FRU
Nov./Des:	Styremøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlysast/utsettast.

Budsjett for drift av styre vert lagt fram for godkjenning i møte. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 9. januar 2017.

Saksopplysningar

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiar bestemmer* (punkt 7). Mellom 2011 og 2015 hadde verneområdestyret møte mellom fire og seks gonger i året.

Miljødirektoratet løyvde kr 180 000,- til drifta av Nærøyfjorden verneområdestyre for 2016, og kr. 3000 000 til sårbarheitsanalyse i samband med arbeid med

besøksstrategien. Etter styremøtet 2. desember reknar forvaltar med at det meste av midlane er brukt.

I brev frå Miljødirektoratet datert den 27.10.16 vert verneområdestyret invitert til å søkje om midlar til drift for neste år. I brevet står det:

Ved søknad om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrene må det settes opp et budsjett som viser forventede utgifter til reise- og møtegodtgjøring for medlemmer av styrene, samt evt. reiseutgifter for medlemmer av rådgivende utvalg.

Ved søknad om midler til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplaner, besøksstrategier og skjøtselsplaner, kan det søkes om midler til utgifter som nødvendige kartlegginger og medvirkningsprosesser (møter). (...) Det forutsettes at nasjonalpark-/verneområdestyrene og fylkesmennene setter opp forslag til budsjett i samarbeid. Fylkesmannen sender samlet budsjettforslag til Miljødirektoratet på vegne av alle styrene de fører regnskap for i eget fylke.

Forvaltar legg fram framlegg til budsjett for drift av styret og forvaltningsplanarbeidet under møtet. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er 9. januar 2017.

Vurdering

Styret er veldig interessert i å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt i landskapsvernområdet. Styret bør få til minst eit slikt møte med synfaring i løpet av sommarsesongen, kanskje to. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september/oktober, avhengig av mål for synfaringa. I forslag til innstilling er det foreslått juni. Det er lagt inn i planen to møte med Fagleg rådgjevande utval i samband med prosessen med besøksstrategi.

Det tek tid å komme seg inn i landskapsvernområda og naturreservata. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, eller det er mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne få til ein lenger tur i området. I 2016 hadde styret eit dagsmøte med synfaring der me gjekk frå Bleiklindi til Styvi. Det var styremøte på Styvi.

I samband med arbeid med besøksstrategi, kan det vera aktuelt å kombinera styremøte med grendamøter.

To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i mars og i november/desember. I mars er det prioritering av tiltak, og i november/desember er det planlegging av tiltak for nest år.

DS 13/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til motorisert transport til Hjølmo

DS 14/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til materialtransport til Hjølmo i samband med vedlikehaldsarbeid

RS 13/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - uttale til plan for uttak av stein på Styvi i samband med elveforbygging

RS 14/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - delegering av myndighet etter naturmangfoldsloven § 69, 70, 71 og 73

RS 15/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - prosjekt sti og vandring - referat frå møte 31.08.16

RS 16/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - småbåthamn ved Krossanes - referat frå møte med verneområdeforvaltar 06.09.2016

RS 17/16 Møteprotokoll frå Verdsarvrådet sitt møte i Valldal